

# KYRKJEBLAD FOR ÅL

Meir himmel på jorda

Nr. 4 - 2024  
Årgang 65



Oase, illustrasjon av Anne Kristin Hagesæther.

## Kvarandre

eg vil stryka deg over håret  
eg vil seia til deg  
kor mykje eg bryr meg om deg  
og så ser eg ei brå redsle  
i augo dine  
og så smiler vi til kvarandre

- Jon Fosse

“Julen er som et forstørrelsesglass der det fine blir  
finere og det onde blir vondere” - Sunniva Gylver

## ■ Ord fra diaconen

# Deaf Aid Isinya

**DIAKON**

Ål, Torpo og Leveld



Line Bakke



Foto: Deaf Aid Isinya.

**DEAF AID ISINYA** er en norsk bistandsorganisasjon som arbeider for å gi skoletilbud til døve barn og unge i Kenya. De har fremdeles lav status og blir ofte gående hjemme uten skolegang. Bruktbutikken her i Ål er drevet av frivillige og er en viktig del av driftsmidlene til internatskolen.

**JEG SKAL SELV DIT** i februar så hvis du ønsker å gi en ubrukt skolesekk, eller ubrukte smykker og hårpunkt så tar jeg det med meg. Du kan levere det på kirkekontoret, eller i bruktbukten. Ubrukte penal med blyanter, viskelær, passere o.l er fint, men også ubrukte tegne/malesaker og puslespill vil bli satt stor pris på av

barna og ungdommene på døvesenteret.

**ELLERS MANGLER VI** en fin og myk sofa i kirken som vi kan bruke både i sorgarbeidet vårt og ikke minst i barne- og ungdomsarbeidet. Ta gjerne kontakt hvis du har en sofa, eller en god lenestol stående som du kunne tenkt deg å gi bort.

**EN VELSIGNET** god jul ønskes deg og dine! Nå har jeg gitt deg flere julegavetips, også håper jeg du blir inspirert av Gylver og Hagesæther sin nye bok: «Himmel på jord» som tar oss med inn i 24 refleksjoner rundt julehøytiden som nå venter oss.

## ■ Andakt

# Himmel på jord, du er ikke alene

**PREST**

Oslo

Sunniva Gylver



Foto: Fineart.no

**OVERSKRIFTEN FANGER INN** julens mysterium og mange menneskers lengsel i ganske enkle ord: at Gud i barnet i krybben er født som menneske blant mennesker av et menneske og tar del i vårt liv. At vi aldri, aldri er alene.

*Lyset Skinner i mørket,  
og mørket har ikke overvunnet det*

**ADVENT OG JUL** kan være både fantastisk, forferdelig og alt imellom-akkurat som livet selv. Himmel og jord møtes i det nyfødte barnet i krybben; det er blod og gørr, kuruker og englesang der i stallen. Det helt nære og det helt svære gir liv til hverandre, mens vi er underveis. Mer enn noen annen tid på året fungerer julen som et forstørrelsesesglass. Det fine blir enda finere og det vonde enda vondere.

**TIDEN FRAMOVER** nå i desember holder oss fast i at mørket skal bli borte og lyset komme til oss, og at vi selv kan

være med og tenne lys i mørket. Når det er tøffe tak trenger jeg ofte noe fysisk å gripe tak i, noe som kan minne meg på Guds nærvær, lyset og håpet.

**JEG KLAMMER MEG FAST** og minner meg selv på at Gud er med meg uansett hva jeg går gjennom. Eller som det heter i julespråket fra Johannesevangeliet: «Lyset Skinner i mørket, og mørket har ikke overvunnet det.» Johannes 1,5.

*Husk, du er aldri,  
aldri alene i mørket*

**TENN DINE LYS**, og prøv å finne ut hva du kan holde fast ved under din ørkenvandring gjennom julehøytiden. Finn noe eller noen du kan klamre deg fast i midt i mørket! Har du ikke det så husk at du likevel aldri er alene. Jesus vil alltid være der for oss, hvis vi ønsker å slippe han til.

Hentet fra boka:  
Himmel på jord - tanker for julen.


■ Trær i vinterlandskap



Anne Kristin Hagesæther. Foto: privat.



Himmel på jord - illustrasjonsgrafikk av Hagesæther.



Jeg opplever at jeg er som et frø som har fått muligheten til å slå dype røtter.

## Anne Kristin Hagesæther

### MALER, GRAFIKER OG ILLUSTRATOR.

Hun har blant annet illustrert flere av bøkene til Paulo Coelho. Hun har også vunnet flere norske og internasjonale priser. I den nye boken «Himmel på jord» som hun har illustrert sammen med Sunniva Gylver finner vi et bartre på fremsiden.

Et juletre i skogen, der lyset skinner ut fra stjernen i toppen.

**ILLUSTRASJONENE** hennes viser trær i et blekt vinterlandskap nå i adventstiden. De står ute og får leve videre, skakke og vindskive.

Ingvild K. Stautland

# Ordføraren si julekasse

Solveig ventar med eit utval av julepynt på stovebordet. Ho har vore på loftet i julekassa og funne fram gjenstandar som er viktige for ho i møte med advent og jul.

**ENGELEN** er den fyrste julepynten ho fekk. Den er blitt tatt fram og fått plass på rommet hennar sidan ho var ei lita jente. Pynten har følgt med ho oppover i livet der ho har budd. Nå har den plass ved siden av julekrybba som vert tatt fram først desember.

**JULEKRYBBA** vart kjøpt i Ecuador der søster hennar og familien var misjonærar i fleire år. Figurane der er handskåre i frå gran, og Jesusbarnet vert ikkje tatt fram før juleftan.

**TO HJARTER** ligg framme. Ein av dei er laga av halm. Det er bestemor til Solveig som har laga den til ho. Det andre hjarte er kjøpt på ein julemarknad i London på ein tur dit med ein av borna. «Eg har veldig mange hjarter som eg tek fram i adventstida,» fortel Solveig med eit smil.

**EI BLÅ GLASKULE** brukar å henge i eit av vindauge. Den er det sonen hennar som har laga på glassverkstad. Den er blå i botn med mange sjatteringar av andre fargar i. «Eg tenkjer på den som jordkloden,» fortel ho. Den skjøre jordkloden som kan knusast under for stort press.

**STJERNER** har ho mange av. Hovudstjerna er ei gamal trestjerne. Når ho voks opp hadde naboen deira ei slik stjerne som ho syntest var så fin. Når ho vart eldre fekk ho tak i ei slik sjølv, og nå er det den som vert hengt opp fyrste adventsdag.

**DEN SJUARMA** julestaken i vindauge er spesiell og vekkjer gode minner. Den skal alltid opp. Eg dveler då med



Foto: Å kommune.

**» Eg dveler med minna rundt gjenstandane og symbolikken. Det er som eit ritual, som gjev jording.**

minna rundt gjenstandane og symbolikken. Det er som eit ritual som gjev jording - noko som ligg fast. Kyrkjeåret startar jo fyrste søndag i advent og set i gong syklusen på ny med ventetid.

**ADVENT** er ei ventetid der med set fram adventsstaken med lilla lys. Kvar søndag syng me versa som høyrer til mens ein tenner lyset. Det er ei gjen-taking hvor ein kan tilføre noko nytt, både nye gjenstandar, nye spørsmål, refleksjonar og erfaringar.



### Sjuarma lysestake

Den sjuarma lysestaken er eit symbol på den fullkomne. Tre av lysa symboliserer treenigheita: Gud, Sonen og Den heilage ande. Fire symboliserer menneska. Summen sju vert eit symbol på Gud og menneske i fellesskap.

### Lys

Symboliserer Jesus som verdas lys. Bruken av lys går tilbake til førkristen tid og er viktig i alle religionar.



### Engel

Englar er overnaturlege andevesen som Gud kommuniserer gjennom, frå Gud til menneske. (Matt. 18,10).

## Advent og jul i symbol

**Advent og jul er ei tid fylt med symbol og tradisjonar som gjev ei kjensle av fellesskap og forventning. Disse tradisjonane går langt tilbake i tid og er djupt forankra i kultur og historie. Høgtida har mange symbol.**

Dette er nokre av dei:



### Stjerne

Stjerna viser til stjerna som sto over Betlehem (Matt.2.9). Antall spissar på stjerna kan ha ulik symbolikk. Ei stjerne med fire spissar minnar om formen på eit kors. Ei stjerne med fem spissar, eit pentagram, kan minne oss om Jesus sine fem sår på korset; i hendene, føtene og i sida.



### Kule

Kula symboliserer Gud sin kjærleik til jorda. (Salme 24,1).



### Halmfigurar

Halmfigurar symboliserer halmen i krybba. Halm vart sett på som heilag og med overnaturleg kraft. Figurar av halm skulle gje fred i heimen.



### Julekrybba

Krybba viser til forteljinga om dei vise menn. Det var dei som såg teikna i stjernene og reiste i tru på at den dei venta på og lengta etter skulle koma. Ei julekrybbe inneheld dei tre vise menn, gjetarar, englar, dyr, Maria, Josef og Jesusbarnet i krybba.



### Juletre med stjerne i toppen

Bartre er det evigrøne treet. Treet symboliserer liv og vekst. Det skulle beskytte mot vinteren, mørket si makt og overnaturlege krefter. Framleis legg mange granbar utanfor døra til jul. Betlehemsstjerna i toppen av treet minner oss om stjerna som lyste for å vise veg til stallen.

### Hjarte

symboliserer Gud sin kjærleik til dyra og menneske.



Foto: Ole J. Brye.

## Konfirmantene i Leveld, Torpo og Ål kyrkjer 2024

Fremste rekke: Karoline Fluto, Eline Vestenfor Nustadhaugen, Tirl Sørbøen, prostiprestvikar Ole-Jonny Klevland Lomme, Andreea Bjella Lioddan, Mari Arnegard Berg. Andre rekke: Maren Helene Kolbjørnsgard, Milla Ødegård, Mari Østro Brevik, Vilde Muledal Svanheld, Camilla Red-Lindstad Grue, sokneprest Geir Wiknes, Martha Saue Helling, Ingrid Stølen, Guri Søndrål Bjerke, Ingvild Marie Brattåker Skåre. Tredje rekke: David Ruud Pedersen, Henrik Fluto Bakken, Embrik Veslegard Knutsen, Thea Nasselqvist Dalby, Sindre Arnegard, Embrik Hagen Paulsen, Vemund Bergaplass. Bakerst: Sondre Nygaard Nordhagen, Brede Roløkken Tretterud, Leon Hauga, Åsmund Sorteberg, Edvard Elverhøy Kaslegard. Embrik Luksengard Slåtta var ikke til stades då biletet vart tatt.



Foto: Privat.

Vi ønsker  
velkommen  
til det nyeste  
medlemmet  
i soknerådet  
Kari Kristine  
Flatland.



Foto: Privat.

Fiskefangst-  
vinnerne fra  
forrige  
konkurranse er  
Filip og Fabian  
Nasselquist Lid.  
Gratulerer!



Foto:NMS.

## Misjonsprosjekt på Madagaskar

ÅI, Torpo og Leveld sokn har sidan 2022 hatt eit misjonsprosjekt med mål om å samle inn 50.000 kroner i året til skole- og landbruksretta bistand på Madagaskar.

**I MOTSETNING TIL** mange andre bistandsland så slit Madagaskar med økonomisk depresjon. Bruttonasjonalprodukt var i 2022 på 505\$/person. Det er ein nedgang på 22\$ frå toppåret 2013. Fattigdomen aukar og meir enn 70% av befolkninga på ca. 30 millionar, lever under fattigdomsgrensa.

**GJENNOM NMS** og den gassisk lutherske kyrkjja (FLM) som driv eit stort og omfattande diakonalt arbeid innan skole/utdanning, landbruk, døve-, blinde- og helsearbeid, vert våre innsamla midlar kanalisert som stipend til ungdom som ikkje greier å finansiere eigen utdanning. Noko av midlane vert også nytta til driftsstøtte til 3 landbruksprosjekt.

**MANGE UNGDOMAR** har fått liva sine endra ved at dei har fått ein eksamen frå ein av FLM sine skular. Det er høgt verdsett både blant offentlege og private arbeidsgjevarar.

**EIT DØME PÅ DETTE** er Simonette, som er utdanna jordmor ved FLM sin skule i Antsrirabe. Det siste året fekk ho beskjed heimanfrå at dei ikkje



Simonette. Foto:NMS.



Foto:NMS.

lenger greidde å betale skulepengar og at ho måtte koma heim. Leiinga ved sjukepleiareskulen innvilga då stipend gjennom NMS-prosjektet som vi i ÅI er medeigarar i, og Simonette kunne full-

føre utdanninga. Ho er i dag leiar ved eit lite helsecenter i landsbyen Vorehy, der slekta kjem frå.

*Historia kan du lese her: <https://nms.no/madagaskar/2024/10/10/simonette-gir-hjelp/>*

### Status for misjonsprosjektet vårt er:

Tal på faste gjevarar/avtaler: 13

- Innsamla i 2022: kr. 108.744,-
  - Innsamla 2023: kr. 95.453,-
  - Innsamla i 2024, pr. 10. november: kr. 96.035,-
  - Innsamla heile 2024, estimert: kr. 115.000,-
- Estimert sluttsum pr. 31.12.2024: kr. 320.000,-  
(Offer utgjer ca. 45%, mens fast gjevarteneste utgjer ca. 55%).

**DET ER EIT** fantastisk resultat og faktisk meir enn det dobbelte av det som ligg i avtala! Soknerådet har nyleg gjort vedtak om at misjonsprosjektet held fram også i 2025.

**Takk for støtta di!**  
**Den opnar nye dører for barn og unge på Madagaskar!**

Arild Øystese Hansen

## ■ Byggje fellesskap



Vats bedehus. Foto: Ål Bygdearkiv.

## Bedehusheimen

**I BARNDOMEN** og ungdomen var ikkje kyrkjia ein naturleg del av livet. Dei ni første åra budde eg i ei veglaus grend på vestlandet. Emisærar frå ulike misjonsorganisasjonar kom traskande til fots og heldt møter på det vesle skulehuset. Så flytta vi til Øst-Norge og vart nær nabo til bedehuset. Kyrkjia var framleis ein framand stad, fem km unna. Utan bil i heimen var det naturleg å delta på det som foregjekk på bedehuset. Der var det søndagsskule, yngres, kveldsmøter og juletrefestar.

**SOM VAKSEN** gifta eg meg inn i ein indremisjonsfamilie og vart varmt teken imot på bedehuset i Vats. Der har eg vore og kjent at eg hører til.

Lenge var det ein avstand mellom dei som gjekk på bedehuset og dei som til vanleg gjekk i kyrkjja. Gradvis har dette heldigvis endra seg. Eg ser no at det er lettare for dei fleste å gå inn i ei kyrkjje enn å finne vegen til samlingar på eit bedehus. Det er sjølv sagt viktig å fortsette arbeidet som vert gjort på bedehusa rundt om der det er «liv

laga», men den arenaen der det er størst moglegheit til å nå folk flest med «den glade bodskapen» er utan tvil kyrkjja. Her må vi kunne stå saman!

**VI KAN BLI** både oppgitte og frustrerte over tankar og uttalelsar som kjem frå kyrkjemøtet, men vi byggjer alle på den same grunnvollen. Om vi øver oss i å sjå på det som samlar oss i staden for å leite etter alt som skil så kan vi saman byggje felleskap der barn, ungdom og vaksne kan kjenne seg heime og ivaretatt.

*“Vi må stå saman  
for vi byggjer alle  
på den same  
grunnvollen.”*

Inger Elise Kaslegard  
Vara i Ål sokneråd og leder i  
Vårven normisjonsforening



Selvhjelp i  
**HALLINGDAL**

# **SORGGRUPPE FOR FORELDRE**

**SOM HAR MISTA SØNN/DATTER  
I SJUKDOM, ULYKKE ELLER SJØLVMORD**



**OPPSTART DESEMBER 2024  
KVELDSTID KVAR 3.VEKE  
ÅL KYRKJESTUGU**

Kontakt: Line Bakke, diakon og familieterapeut

Tlf: 928 50 434

For meir info: [www.kursihallingdal.no](http://www.kursihallingdal.no)



## AKTUELT

### BABYSANG

Velkommen til alle babyer med mødre og fedre, eller en gommo eller goffa. Det blir sang, litt å bite i og et hyggelig sosialt møtested. Hver mandag kl. 11 i kyrkjestugu.

### ANDAKT PÅ SJUKEHEIMEN

Hver onsdag kl. 10:30 er det musikkandakt på Kårstugu for beboere, pårørende og gjester utenfra.

### JULEVERKSTAD

Torsdag 12. desember i Ål kyrkjestugu. Pølsekjelen er varm klokka 16, så det er mogleg å få seg ein liten matbit. 10 kr pølsa. Det blir ulike stasjonar der du kan lage enkel julepynt. Ope mellom kl 16-18, og du er velkommen til å kome og gå slik det passar deg. Velkommen skal de vere!

### VIL DU SYNGJE I KYRKJEKOR?

Ål kantori startar oppatt med korøvingar i partalsveker, annankvar onsdag kl. 18-20. Velkommen innom på ei open øving i Ål kyrkjestugu 11. desember! Kantoret er tenkt som eit lågterskeltilbod for alle som likar å syngje frå ungdomssku- lelder og oppover, med ambisjonar om å delta som forsongargruppe med allsidig repertoar på enkelte gudstenester. Notekjennskap er ein fordel, men ikkje noko krav. Er du elles gira på å bidra med song eller spel i kyrkjeleg samanheng? Kontakt Vemund på e-post [va358@kyrkja.no](mailto:va358@kyrkja.no)

Her kan du annonsera!

### Niste på vegen



## SuperTorsdag

Hver torsdag kl. 16-17.30 er det servering av deilig hjemmelaget middag. 40 kr per person og 120 kr pr. familie. Siste middag i år blir 20. desember.

## Samlung for 6-åringar

I september var det samling for 6-åringar i kvart sokn. Me hadde ei lita økt der me blei betre kjende med kyrkja og med 6-årsboka. I 6-årsboka er det teikneseriar, songar og ulike bibelforteljingar. Me las og prata om forteljinga om Bartimeus, som fekk att synet. Me lærte ein song, og kosa oss med saft og litt biteti.

Ungane fekk ei oppgåve der dei gjekk på oppdagingsferd for å bli betre kjent i kyrkja. Dei fekk ei oppgåve med bilete av ulike detaljar og gjenstandar som er i kyrkja, og dei var ivrige på finne ut av det! Me rakk også litt fargelegging



F.v: Liv-Alexandra Moholt, Bjørg Hasle Stølen og Amund Hagen Herfoss.

og leiking med ballongar. Ei kjekk stund! Ungane fekk utdelt 6-årsboka i ei gudsteneste seinare i september. Der fekk også 4-åringane si bok.

## Formiddagstreff

### ÅL KYRKJESTUGU

8. januar kl. 11: Hilde Kirkebøen har andakt og spiller på hardingfele.

### VATS BEDEHUS

29. januar kl. 12: Foredrag ved Ole Reidar Lågrinn. Tema: Kriminalforebyggende arbeid i Hallingdal. Andakt ved diakon Line Bakke.



### Familievernkontoret: 32 12 33 44

Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløysing, foreldrerettleiing, mekling m.m. Tilbodet er gratis. [www.familievern.no](http://www.familievern.no) • [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)

**Kirkens SOS: 22 40 00 40 - Bankgiro: 2320.20.70272 - Vipps: 627063**



 **Ål Fargehandel**  
Tlf. 456 08 056

## GUDSTJENESTER

### ÅL

08.12.2024	11.00
19.12.2024	17.30
24.12.2024	14.30
24.12.2024	16.00
25.12.2024	12.00
31.12.2024	17.00
19.01.2025	11.00
26.01.2025	11.00
09.02.2025	11.00
16.02.2025	11.00
23.02.2025	19.00
05.03.2025	19.00
09.03.2025	11.00
23.03.2025	11.00
30.03.2025	11.00

### LEVELD

01.12.2024	11.00
24.12.2024	14.30
29.12.2024	11.00
12.01.2025	11.00
23.02.2025	11.00
16.03.2025	11.00

### TORPO

15.12.2024	11.00
24.12.2024	16.00
02.02.2025	11.00
02.03.2025	11.00

### VATS FJELLKÝRKJE

24.12.2024	13.00
------------	-------

### KÅRSTUGU ÅL HELSETUN

24.12.2024	12.00
------------	-------



Camilla Osnes. Foto: Darjan Kovacic.

### INNSETTING AV NY PROST I ÅL KÝRKJE

19.01.2025	11.00
------------	-------

## HEART DØYPTE

### ÅL

Even Rinnaas Berg	15. sep
Halstein Moholt	15. sep
Hennie Skalle Tveito Romslo	13. okt
Sander Tolpinrud	13. okt
Aurora Ekstø	10. nov

## LOVE VIGDE

### ÅL

Inger-Marie Pettersen og Vemund Århus Havardsgard	06. aug
Marita Skrindo-Tveito og Jørgen Sjølie	24. aug
Mina Elise Hole og Kenneth Thoen Lybekk	07. sep
<b>LEVELD</b>	
Lisa Marie Dokk og Odd Magne Bjella	31. aug

### TORPO STAVKÝRKJE

Hanne Guro Garder og Bjørn Erik Barskrid Fløgstad	14. sep
--	---------

### VATS FJELLKÝRKJE

Hanne Nordheim og Knut Myking	14. sep
----------------------------------	---------

## CROSS DØDE

### ÅL

Guttorm Kleppo	f:1937 d:02.aug
John Willy Johnsen	f:1938 d:15.aug
Ågot Astrid Hognerud	f:1941 d:22.aug
Birgit S. Sørbøen	f:1924 d:23.aug
Ann Margaret Flaata	f:1937 d:27.aug
Torleiv Dengerud	f:1963 d:02.sep
Margit R. Ruud	f:1929 d:15.sep
Mari Løyte	f:2024 d:14.sep
Guri Grue Hvitsand	f:2023 d:22.sep
Oddbjørg Pettersen	f:1939 d:21.okt
Einar Hognerud	f:1945 d:26.okt
Bjørg Helene	
Bjørnetun	f:1945 d:02.nov

### LEVELD

Sigrun Gurigard	
Vissebråten	f: 1962 d:08.sep
Sevat Kjellardgard	f: 1948 d:08.okt
Mikkel Gurigard	f: 1934 d:10.okt

### TORPO

Reidun Holm	f: 1939 d:10.sep
Ivar O. Bråten	f: 1927 d:03.okt
Gunnar Haugo	f: 1932 d:21.okt

## KÝRKJA I ÅL

### KÝRKJEKONTORET

Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00  
post.aal@kyrkja.no  
www.aal.kyrkja.no

### PROST

Kristoffer Lønning Tørressen

### SOKNEPREST

Geir Wiknes

### VIKARPREST

Sigmund Bernhard Kruse

### KÝRKJEVERJE

Anne Gerd Jorde (vikar)

### DIAKON

Line Bakke

### KÝRKJELYDSPEDAGOG

Gina Ingeborg Hagen

### KÝRKJETENRARAR

Håkon Tveito  
Morten Storhaug  
Tom Vidar Myrestølen

### SEKRETÆRARAR

Guro Stave  
Elin Etterlid Tveito

### MUSIKARAR

Vemund Olav Aukrust  
Ingunn Stræte  
Håkon Tveito

### REINHALDAR

Kamila Magdalena Socha

### SOKNERÅDSLEIAR

Frøydis Stoveland Dekko

### FELLESRÅDSLEIAR

Arild Øystese Hansen

## KÝRKJEBLADET

### FOR ÅL

#### REDAKSJON

Line Bakke  
Ingvild Kringlebotten Stautland  
ADRESSE  
Postboks 140, 3571 Ål  
UTGJEVAR  
Leveld, Torpo og Ål sokneråd

#### PRODUKSJON

Grafisk avdeling Hallingdølen  
Trykk: Trykk service AS




# Barnas



## Vitsar

### Prikk til prikk



– Kva heiter den nye hunden din?  
– Eg veit ikkje, han vil ikkje sei det.

Kvifor kan ikkje eg ringe når smultringar?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



### Kryssord

<b>1.</b>	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	<b>Disippel i Johannes 20,26</b>
<b>2.</b>	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	<b>Engel i Lukas 1,26</b>
<b>Hyllingsrop i Markus 11, 9</b>	<b>3.</b> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	
<b>Dyr i Markus 10,25</b>	<b>4.</b> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	
	<b>5.</b> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	<b>Tal i Apostel-gjerningane 27,28</b>
<b>6.</b> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	<b>Namn på Jesus i Matteus 1,23</b>
<b>7.</b> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	<input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/> <input type="text"/>	<b>Frø i 2. Korintarbrev 9,10</b>

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

### Fargelegg!

Jesus tok imot barna og sa at dei vaksne har mykje å lære av dei. Fargelegg biletet av Jesus og barnet.



Teikning: Trevor Keen

### KONKURRANSE MED 5 PREMIER

Stjerna har gøymt seg på sju stader inne i bladet. Kan du finne ut kvar?

Send sidetala, saman med namn og alder på mail til Line diakon

[lb427@kyrkja.no](mailto:lb427@kyrkja.no) og merk med «Stjerne- Kyrkjeblad 4-24»

Me vil trekke fem vinnarar som får kvar sin premie.

Fristen er 15.01.25. Vinnarane vert kontakta.



Stjerna symboliserer den uendelege Gud, og lyset gjev tekn om kven Gud er. Vismennene vart leia av stjerna fra Østerland til stallen der Jesusbarnet vart fødd.